



## Saksframlegg

### Økonomirapportering pr. 01.05.2026 - stab og økonomi

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	27/26	03.06.2026

#### Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

#### Dokument i saka:

Rapport frå økonomisystemet

#### Bakgrunn for saka:

I fylgje økonomireglementet skal kommunedirektøren minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor. Hovudutvalet skal treffe nødvendige tiltak innafør sine rammer

#### Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.*

Totalt sett ligg sektoren innanfor tildela ramme i perioden.

Det er sett av lønsmidlar til lærlingar i kommunen men dette har synt seg vanskeleg å få tak i for tida og vi har i dag ikkje ein einaste lærling i arbeid. Dette kan sjå noko annleis ut frå hausten av og ein vil difor ikkje frigjere lønsmidlane her så tidleg på året.

Politisk aktivitet har vore stor i fyrste del av året og ligg noko utover budsjett så langt. Men når ein justerer for refusjonar og budsjettløyvingar frå før så vil dette ligge innanfor ramma.

IT-utstyr har også i år hatt ein kraftig prisvekst, nå varslar dei ein prisstigning på 40% frå sommaren av. Dette vil slå ut på budsjett for IT-drift men ein må kome tilbake i neste rapportering på konsekvensane av dette.

Rapportering frå NAV Vest Telemark og Barnevernstenesta så langt i år viser at begge desse tenestene ligg innanfor budsjett. Kan bli noko over på økonomisk sosialhjelp om trenden fortsett ut året. Dette kan dekkast av integreringstilskot.

Så langt i år har vi busett få nye flyktningar, kun ein familie, grunna mangel på bustader. For å kunne oppretthalde nivået på budsjettet er ein avhengig av å ta imot fleire gjennom året. Det blir arbeid med å finne bustader i heile kommunen og ein må moglegvis flytte på dei som har eigen bil slik at ein får bustader i sentrumsnære område for å takke ja til fleire.

**Konklusjon:**

Sektoren ligg innanfor tildela ramme så langt i år.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Formannskapet tek den økonomiske situasjonen i sektor stab og økonomi pr. 1. mai 2026 til orientering.

**Behandling i Formannskapet - 03.06.2026**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå kommunedirektøren.

**Vedtak i Formannskapet - 03.06.2026**

Formannskapet tek den økonomiske situasjonen i sektor stab og økonomi pr. 1. mai 2026 til orientering.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef



**Saksframlegg**

**Økonomirapportering pr. 01.05.2026 - helse og omsorg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg	19/26	04.06.2026

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg**

**Dokument i saka:**

Rapport frå økonomisystemet

**Bakgrunn for saka:**

I økonomireglementet står det: Kommunalsjefane skal pr. 01 mai og pr. 01. september legge fram politisk sak om den økonomiske situasjonen.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.*

Sektoren er i ein krevande situasjon nå grunna omstilling og mangel på personell. Det er sjukefråvær i fleire av leiande stillingar i sektoren, dette er løyst delvis med innleige av personell frå bemanningsbyrå. Dette er løysingar som har vore naudsynte for å få kvardagen til å gå men er krevjande på den økonomiske sida.

Sjukefråvær gjer også at forslag til ny helse og omsorgsplan ikkje blir lagt fram til politisk handsaming nå i vår som tidlegare varsla.

Innanfor helse har det vore prosjektstilling knytt til rus og psykiatri som har blitt finansiert av øymerka tilskot frå Helsedirektoratet det seiste året. Dette tilskotet er nå lagt inn i rammeoverføringane frå staten slik at, dersom ein skal oppretthalde stilling knytt til psykiatrioppfølging, må ramma til sektoren aukast med lønsmidlar tilsvarande ei stilling. Prosjektstillinga som er finansiert av eksterne tilskot til førebyggjande arbeid for barn og unge vert framleis finansiert av eksterne øymerka tilskot og kan fortsette som før.

På POS er det framleis lite belegg noko som gjer at inntektene sviktar i forhold til budsjett. Her er nå det teke grep for å bruke personell på andre avdelingar som har behov.

Men det er lite tilgang på vikarar ved kortare fråvær og ferier slik at ein må innimellom bruke eigne tilsette som gjev bruk av overtid for å oppretthalde rett kompetanse for å ivareta lovmessig drift.

Det blir nå arbeid med finne løysingar som går på tvers av avdelingane og der ein brukar kompetanse på rette arbeidsoppgåver.

I heimsjukepleia og TTF er det også krevande med mangel på personell. I TTF er det også bruka bemanningsbyrå for å ha rett kompetanse på plass. Her blir det nå arbeid med gjennomgang av tenestene for kvar brukar for å sikre at vi har rett kompetanse på rett plass og at tilbudet som blir gjeve er i tråd med behov.

**Konklusjon:**

Sektoren har utfordringar med å halde den økonomiske ramma men det blir nå arbeid med omstilling i sektoren for å effektivisere drifta.

Omstillingsarbeidet blir gjort i nært samarbeid med dei tilsette og fagforeningane.

Rekrutteringsarbeid er eit pågåande arbeid for å dekke opp ledige stillingar og vikartimar.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Den økonomiske rapporten frå sektor helse og omsorg pr. 1. mai 2026 vert teken til vitande.

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg ber om at økonomiske ramma aukast tilsvarande ei stilling innanfor område rus/psykisk helse grunna at øyremerka tilskot nå er lagt inn i rammeoverføringane frå staten.

**Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 04.06.2026**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå kommunedirektøren.

**Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 04.06.2026**

Den økonomiske rapporten frå sektor helse og omsorg pr. 1. mai 2026 vert teken til vitande.

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg ber om at økonomiske ramma aukast tilsvarande ei stilling innanfor område rus/psykisk helse grunna at øyremerka tilskot nå er lagt inn i rammeoverføringane frå staten.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef



**Saksframlegg**

**Økonomirapportering pr. 01.05.2026**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg	18/26	04.06.2026

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg**

**Dokument i saka:**

Rapport frå økonomisystemet.

**Bakgrunn for saka:**

I økonomireglementet står det: Kommunalsjefane skal pr. 01 mai og pr. 01. september legge fram politisk sak om den økonomiske situasjonen.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommunepleanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.*

Tiltaka og ressursane som blei bruka i skulen i 2025 gav oss eit betre innsyn i kor vi måtte jobbe for 2026. Det blei bruka god tid på å legge budsjett og dette ser så langt ut til å stemme godt. Det som vart skalert opp av ressursar i løpet av hausten 2025 og som får verknad inn i våren 2026, er i budsjettet teke ned att for hausten.

Omstillingsmidlar til skulen blei skalert ned frå ein million i fjor til kr 500.000,- i dette året. Sjølv om omstillinga held fram ligg Gimle nå på eit betre utviklings- og kvalitetsnivå. I vår er det også gjort mange spennande og gode grep for legging av ny timeplan for hausten 2026.

SFO er bemanna noko opp for å få til den same omstillinga og skal ned att i løpet av hausten. Her er det eit overforbruk på løn, som skal fordelast mellom skule og SFO.

Det er noko innsparing på kantine grunna sjukdom og om disponering av anna personale til å utføre desse oppgåvene.

Barnehagen har jobba trutt og fast med utvikling av gode tenestar og ligg på budsjett. Dei har søkt og fått midlar til toppa bemanning. Desse kan brukast til både tilsetjing, styrking og avlastning, men ikkje til å oppfylle bemanningsnormen. Midlane har gitt ein fleksibilitet til å styrke og avlaste i vår barnehage.

Kulturavdelinga har fleire underansvar som ligg på budsjett. I løpet av hausten kjem ein til å utvide tilbodet, sett opp mot utvikling av datasenter. Tilbod som ekstra kino og utviding av tider i symjebasseng vil gje ekstra utgifter som EdgeConneX vil koste.

Tiltak for barn og unge har eit underskot, grunna at Fyresdal har lagt ut for turen ungdomane hadde til Sverige saman med Tokke, refusjon vil kome inn i løpet av våren.

Området til kommunalsjefen ligg på eit underforbruk på ca 100.000,-, då det er lagt inn ein liten buffer for ekstra kostandar. Tokke, Fyresdal og Vinje har lyst ut ei 50 % stilling i PPT (2 års prosjektstilling). Dette for å ha sterkare fokus på systemretta arbeid og rettleiing i høve tilpassa opplæring og redusere talet på enkelt vedtak. For Fyresdal ligg ekstra utgifta på ca 100.000,-.

**Konklusjon:**

Pr 01.05.2026 ligg sektoren på eit underforbruk på i underkant av kr 600.000,-.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01. mai 2026 til orientering.

**Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 04.06.2026**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå kommunedirektøren.

**Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 04.06.2026**

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01. mai 2026 til orientering.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst



**Saksframlegg**

**Økonomirapportering pr. 1.5.2026 - Plan og teknikk**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		09.06.2026

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Plan og miljøutvalet**

**Dokument i saka:**

**Bakgrunn for saka:**

I samband med tertialrapporteringa rapporterer kommunalsjefane til sine respektive utval om den økonomiske situasjonen innan dei sektorane dei har ansvar for. Dette skjer parallelt med tertialrapporteringa til kommunestyret.

Denne rapporten omtalar status per 1. tertial 2026 for sektor for plan og teknikk.

Sektoren har i 2026 ein særleg situasjon, der mykje av aktiviteten og fleire av dei økonomiske utslaga er knytte til den store samfunnsutviklinga som no skjer i Fyresdal, særleg i samband med datasenteretableringa på Molandsmoen. Dette gjev både utfordringar og moglegheiter for sektoren. På den eine sida fører det til auka kostnader og press på organisasjonen. På den andre sida er det venta at fleire av tiltaka og aktivitetane vil gje auka kommunale inntekter på sikt.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til det beste for felleskapet.*

**Drift**

Per 1. tertial viser sektoren eit relativt stort meirforbruk. Kommunedirektøren vurderer likevel at situasjonen må sjåast i samheng med den ekstraordinære aktiviteten som no skjer i kommunen.

Ein vesentleg del av meirforbruket er knytt til datasenteretableringa. Dette gjeld mellom anna kostnader til prosjektkoordinatorstilling i sektoren og kjøp av ekstern bistand og rådgjeving i ulike prosessar. Dette er arbeid som i stor grad kjem som følgje av den omfattande aktiviteten på Molandsmoen, og som har vore naudsynt for at kommunen skal kunne handtere prosjektet på ein forsvarleg og effektiv måte.

Kommunestyret har allereie løyvd kr 4 000 000 til ekstra kostnader knytt til datasenteretableringa. Det er på dette tidspunktet vanskeleg å seie om denne løyvinga vil vere tilstrekkeleg for heile året. Samstundes er det naturleg at ein stor del av desse

midlane vil tilfalle sektor for plan og teknikk, då mykje av dei faktiske ekstrautgiftene knytte til etableringa ligg her.

Desse kostnadene er isolert sett utfordrande for sektorbudsjettet, men må samstundes sjåast i samheng med at etableringa også vil kunne gje kommunen auka inntekter og større aktivitet framover. Kommunedirektøren vurderer difor ikkje dette som eit ordinært driftsmessig meirforbruk, men som eit utslag av ein heilt særskild utviklingssituasjon. Utover kostnadene knytte til datasenteretableringa, skuldast meirforbruket i hovudsak auka kostnader til lisensar, gebyr og andre faste driftskostnader. Fleire av desse kostnadene har auka mykje frå eitt år til eit anna, og dette legg press på den ordinære drifta. Dette er ikkje kostnader sektoren utan vidare kan redusere på kort sikt, då dei ofte er knytte til lovpålagde system, fagsystem, digitale løysingar og nødvendig administrativ drift.

### **Kursing og kompetanseheving**

Per 1. tertial har sektoren også hatt ein del ekstra kostnader knytte til kursing av tilsette. Kommunedirektøren vurderer dette som nødvendig kursing, både for å sikre forsvarleg tenesteutøving og tilstrekkeleg kompetanse i ein periode med høg aktivitet og fleire komplekse saker.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har bidrege til å dekke delar av desse utgiftene. Dette har vore viktig for å redusere belastninga på sektorbudsjettet, men det ligg framleis kostnader att i sektoren knytte til kompetanseheving.

Kommunedirektøren meiner det er viktig at kommunen held fram med å prioritere kursing og kompetanseheving av tilsette. Dette er også i tråd med kommunestyret sitt vedtak i budsjettet, der det er peika på behovet for auka fokus på kursing av tilsette. I ein sektor med store krav til fagleg presisjon, regelverksforståing, prosjektoppfølgning og driftstryggleik, er slik kompetanseheving nødvendig for å kunne levere gode og forsvarlege tenester.

### **Inntekter og gebyrområde**

Sjølv om sektoren per 1. tertial har eit meirforbruk, er det venta at inntektene innan fleire av sektoren sine område vil auke utover året. Dette gjeld særleg innan frådeling, oppmåling og byggesak. Aktiviteten i kommunen er aukande, og dette vil etter kvart slå ut i høgare gebyrinntekter.

Det er grunn til å tru at inntektene frå plan-, oppmålings- og byggesaksområdet vil bli vesentleg høgare enn det ein normalt ville lagt til grunn. Dette heng mellom anna saman med fleire konkrete utviklingsprosjekt, auka bustadaktivitet og den generelle veksten som datasenteretableringa utløyser.

Kommunedirektøren vurderer difor at ein del av meirforbruket i sektoren truleg vil bli dekt inn gjennom auka inntekter seinare i året.

### **Kommunale bygg og bustader**

Kommunen vil framover få fleire nye utleigeeiningar. Dette vil gje auka leigeinntekter og bidra positivt til sektorøkonomien. Samstundes vil fleire kommunale bustader og bygg også føre med seg auka driftskostnader over tid.

Det vil mellom anna kunne bli behov for meir personellressursar til forvaltning, drift og vedlikehald. Auka kommunal bygningsmasse krev oppfølging, både praktisk, teknisk og administrativt. På kort sikt vil inntektene kunne betre økonomien, men på lengre sikt må kommunen vere merksam på at fleire einingar også gjev høgare faste kostnader.

Kommunedirektøren meiner likevel at dette er ei utvikling kommunen må vere førebudd på, særleg i lys av behovet for bustader og tilrettelegging for vekst i Fyresdal.

**Konklusjon:**

Sektor for plan og teknikk har per 1. tertial 2026 eit meirforbruk. Meirforbruket er likevel i stor grad knytt til ekstraordinær aktivitet i samband med datasenteretableringa, auka kostnader til lisensar og gebyr, nødvendige kurs- og kompetansetiltak, samt enkelte kostnader som vil bli kompenserte ved tertialgjennomgangen i juni.

Kommunestyret har allereie løyvd kr 4 000 000 til ekstra kostnader knytte til datasenteretableringa. Det er førebels usikkert om dette vil vere tilstrekkeleg for heile året, men ein vesentleg del av midlane vil naturleg tilfalle sektor for plan og teknikk, då mange av kostnadene ligg her.

Det er samstundes venta auka inntekter innan frådelling, oppmåling og byggesak. Nye kommunale utleigeeiningar vil også bidra til auka inntekter framover, sjølv om dette på sikt også vil gje høgare drifts- og personellkostnader.

Kommunedirektøren vurderer at sektoren har kontroll på den økonomiske situasjonen, og at det per no ikkje er grunnlag for særskild uro. Det vil likevel vere naudsynt med tett oppfølging av budsjettet gjennom året.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Økonomigjennomgangen for sektor for plan og teknikk per 1. tertial 2026 vert teken til orientering.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk



**Saksframlegg**

**Økonomirapportering finans pr. 01.05.2026**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	28/26	03.06.2026

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet**

**Dokument i saka:**

Rekneskapsrapport pr. 01.05.

**Bakgrunn for saka:**

I fylgje økonomireglementet skal kommunedirektøren minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor. Hovudutvalet skal treffe nødvendige tiltak innafor sine rammer

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.*

Bruken av næringsfondet har vore stor også i år og ein ser at avsette midlar på 2,5 millionar kan bli noko knapp i år også. Samtidig viser årsresultatet for 2025 frå konsesjonskraftstyret meirinntekter på om lag kr 900 000,- for Fyresdal sin del. Dette er ekstraintekter som kan brukast til å fylle på næringsfondet med eller bruke til investeringar.

Rammeoverføringane frå staten er noko høgare enn budsjett grunna at kommunane fekk ei påplussing under stortingets behandling av statsbudsjettet like før jol. Her vart det, mellom anna, teke midlar frå øyremerka tilskot til psykisk helse/rus og lagt inn i rammeoverføringane. I tillegg vart også innbyggartilskotet auka pr. innbygger. Auka inntekter her er om lag ein million kroner og som ein kan styrke ramma til sektor helse og omsorg med for å oppretthalde tilbudet vi har innan psykisk helse og rus.

Utskriven eigeidomsatt for 2026 vart 2,3 millionar meir enn ein hadde lagt i budsjettet for 2026. Dette er inntekter som stammar frå auke i grunnlaget frå kraftverksobjekta og nye utskrivningsobjekt i 2026. Dette er inntekter som ein bør avsette på disposisjonsfond for å styrke dette slik at ein opprettheld ein god buffer.

Skatteinntekter/Naturressursskatt ligg godt innafor budsjett så langt i år. Det er likevel noko tidleg på året for å sei noko om årsresultatet. Her har det også vore store endringar i periodiseringa av inntektene. Skattetrekk frå alle arbeidsgjevarar skal nå innbetalt kvar månad og ikkje i terminar kvar andre månad som tidlegare. Det har også vore ein liten justering av satsen vi får frå naturressursskatt som gjer at skatteinngangen så langt ser ut til å gje oss ekstraintekter også i år.

Renter og avdrag ligg i tråd med budsjett. Vi har alt av innlån på flytande rente og vil difor bli påverka av eit endra rentenivå. Men vi har også renteavtaler på utlån og innskudd som er knytt opp mot ei til kvar tid gjeldande rente, så utgiftsauk kan bli dekt av auka renteinntekter her.

### **Konklusjon:**

Finansområdet ligg godt innafor budsjett. Det er ekstraintekter både på rammeoverføringar frå staten etter stortingets vedtak i desember og på eigedomsskatt etter utskrivninga pr. 1. mars.

Auka rammeoverføringar på ein million kroner bør gå til sektor for helse og omsorg då mykje av auken skuldast at staten har overført midlar frå øyremerka tilskot til å legge desse inn i rammeoverføringane.

Auka eigedomsskatt på 2,3 millionar avsettast til disposisjonsfond for å styrke dette slik at ein har midlar disponible til uforutsette hendelsar.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Formannskapet tek den økonomiske situasjonen for finansområdet pr. 1. mai 2026 til orientering og ber om at:

- Ein million kroner i auka rammeoverføringar vert overført til sektor for helse og omsorg
- Meirinntekt på 2,3 millionar på eigedomsskatt vert avsett til disposisjonsfond.
- Meirinntekt på 900 000,- på sal av konsesjonskraft vert avsett til næringsfond.

### **Behandling i Formannskapet - 03.06.2026**

Samrøystes i tråd med innstillinga frå kommunedirektøren.

### **Vedtak i Formannskapet - 03.06.2026**

Formannskapet tek den økonomiske situasjonen for finansområdet pr. 1. mai 2026 til orientering og ber om at:

- Ein million kroner i auka rammeoverføringar vert overført til sektor for helse og omsorg
- Meirinntekt på 2,3 millionar på eigedomsskatt vert avsett til disposisjonsfond.
- Meirinntekt på 900 000,- på sal av konsesjonskraft vert avsett til næringsfond.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef